



Innkalling

av

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 21.11.2016
Møtestad: Rådhuset, formannskapssalen
Møtetid: 13:00 - 16:30

Eventuelle forfall må meldast til Margrethe Høyland per tlf. 56 37 51 61, sms til eller per epost til Margrethe.Hoyland@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
038/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/16	Godkjenning av møteprotokoll
040/16	Framlegg til Planprogram for Helse, sosial og omsorgsplan
041/16	Høyring - ny rammeplan for barnehage
042/16	Melding om oppstart av planarbeid, områdeplan for Lonena gnr. 185 bnr 284
043/16	Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Sjøvold, Seim, plan-id 1263-201514

11. november 2016

Vetlemøy Wergeland
møteleiar

Margrethe Høyland
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
038/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	16/3495

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke:
Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
039/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Margrethe Høyland	16/3495

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 17.10.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 17.10.2016
Møtestad: Rådhuset, formannskapssalen
Møtetid: 13:00 - 16:00

Orientering v/rådmann kl. 13.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Vetlemøy Wergeland	KRF	Utvalseiar
Øystein Reidar Moldeklev		Nestleiar
Bente Orlen Westervik		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Terje Olav Olsen		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Astrid Aarhus Rolland		

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Margrethe Høyland, rådmann Ørjan Raknes Forthun.

Rådmannen orienterte om Lindås kommune, rådmannsteam m/liner til organisasjonen.

Rådet fekk utlevert innspel til områdeplanen Lonelva – Juvikvarden og Ny Knarvik barneskule fra Knarvik barnehage og Stallanemarka burettslag. Denne vart diskutert og med rådmannen.

Representantane til referansegruppa for skulane Eikanger-Kløve og Leknes barneskuler etterlyser innkalling til møta, harr berre fått referat frå møta.

Reidar Knutsen , repr. frå SAFO, kjem i rådet i staden for Marit Haukeland som får ut pga ftytting. Skal veljast på kommunestyremøte i oktober.

Råd for menneske med ned sett funksjonsevne vil frå neste møte ikkje motta sakspapirer i plansaker, berre innkalling utan vedlegg til sakene frå planavdelinga. Rådet ynskjer at saksbehandlarane som har saker, kjem fast i rådet og har ei kort orientering om sine saker som er oppe. Kopi til Frøydis Ones.

Sakliste

Saknr	Tittel
028/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/16	Godkjenning av møteprotokoll
030/16	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Alver næringsområde, plan-id 1263-201206
031/16	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Eikhovden, plan-id 1263-201511
032/16	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Langheiane B8 og B9
033/16	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Åsgard småbåthamn
034/16	Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune
035/16	Områdereguleringsplan for Ostereidet Sentrum, 1.gongs handsaming
036/16	Sak om framtidig organisering læringssenteret (LOAS) i Kvernhusmyrane 20
037/16	Knarvik barneskule. Idrettshall og elevkapasitet

028/16: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Innkalling og saksliste vart godkjend med mrk om manglande sak 36/16, vart utlevert på møtet.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 028/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Innkalling og saksliste vart godkjend med mrk om manglande sak 36/16, vart utlevert på møtet.

029/16: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Møteprotokoll fra møtet 29/8-16 vart godkjend.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 029/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Møteprotokoll fra møtet 29/8-16 vart godkjend.

030/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Alver næringsområde, plan-id 1263-201206

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Alver næringsområde, plan-ID 1263-201206, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Det må visast vegtilkomst fram til plangrense mot næringsareal i sør, som vist i kommunedelplan for Knarvik-Alversund.
2. Ny § 4.5: Ved eventuell framtidig vegtilkopling til Galteråsen, skal tilkomst frå Alvervegen til næringsområdet stengast, med unntak av tilkomst knytt til gardsdrifta i området.
3. Tillegg til § 2.3.1: Nye tiltak som følgje av planen skal ikkje føre til endra tilhøve nedstraums for tiltaket.
4. Endre § 2.3.2, siste setning: Tiltak som til saman ikkje genererer meir enn 10 nye parkeringsplassar innanfor planområdet kan etablerast før tilkomst frå Alvervegen skal vere ferdig opparbeidd.

.....

31.08.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg med endring:

Det vart røysta punktvis over framlegga:

Rådmannen sitt framlegg punkt 1:

1. *Det må visast vegtilkomst fram til plangrense mot næringsareal i sør, som vist i kommunedelplan for Knarvik-Alversund.*

Framlegget fekk ingen røyster og fall. Samrøystes

Rådmannen sitt framlegg punkt 2:

2. *Ny § 4.5: Ved eventuell framtidig vegtilkopling til Galteråsen, skal tilkomst frå Alvervegen til næringsområdet stengast, med unntak av tilkomst knytt til gardsdrifta i området.*

Framlegget vart vedteke med 8 røyster (Ap, Sp, Krf, H)

Rådmannen sitt framlegg punkt 3:

3. *Tillegg til § 2.3.1: Nye tiltak som følgje av planen skal ikkje føre til endra tilhøve nedstraums for tiltaket.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg punkt. 4:

4. *Endre § 2.3.2, siste setning: Tiltak som til saman ikkje genererer meir enn 10 nye parkeringsplassar innanfor planområdet kan etablerast før tilkomst frå Alvervegen skal vere ferdig opparbeidd.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Ståle Hauge-Ap: Tilleggspunkt:

5. *Grønt område GV reduseres i bredde til lik bredde som ved eigedom gbnr. 137/445. Byggegrense justeres tilsvarende.*

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Frp, H, Ap).

PM - 103/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Alver næringsområde, plan-ID 1263-201206, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ny § 4.5: Ved eventuell framtidig vegtilkopling til Galteråsen, skal tilkomst frå Alvervegen til næringsområdet stengast, med unntak av tilkomst knytt til gardsdrifta i området.
2. Tillegg til § 2.3.1: Nye tiltak som følgje av planen skal ikkje føre til endra tilhøve nedstraums for tiltaket.
3. Endre § 2.3.2, siste setning: Tiltak som til saman ikkje genererer meir enn 10 nye parkeringsplassar innanfor planområdet kan etablerast før tilkomst frå Alvervegen skal vere ferdig opparbeidd.
4. Grønt område GV reduseres i bredde til lik bredde som ved eiendom gbnr. 137/445. Byggegrense justeres tilsvarende.

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek reguleringsplanen til orientering. Viktig at loven om universell utforming vert følgd

Samrøystes vedteke.

RMNF - 030/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek reguleringsplanen til orientering. Viktig at loven om universell utforming vert følgd

031/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Eikhovden, plan-id 1263-201511

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Eikhovden, plan-ID 1263-201511, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Nytt rekkefølgekrav: Gang- og sykkelveg mellom Ostereidet senter og Ostereidet skule skal fullførast langs heile strekninga eller vere sikra opparbeidd gjennom avtale med vegeigar før det vert gjeve bruksløyve til bustader i planområdet.
2. Tillegg til § 3.9: Fortau o_SF5 skal vere ferdig opparbeidd før bruksløyve for bustadar i BFS3-6 med tilkomst frå o_SV3.
3. Tillegg til § 3.10: Fortau o_SF4 skal vere ferdig opparbeidd før bruksløyve for bustadar med tilkomst frå o_SV4.
4. Ny 4.2.6: Del av leikeplassar og del av leikeområde innanfor f_BUT1 som grensar mot trafikkareal og anna vegareal skal sikrast med gjerde.
5. Tillegg til § 4.4.1: Det kan førast opp skjermvegg for avfallsdunkar innanfor områda.
6. Mogleg løysing for vatn og avlaup, inkludert overvasshandtering, må omtalast i planskildringa kapittel 8. Planskildringa 6.13 må rettast.
7. Plantekniske tilhøve som nemnt i vurderinga må rettast.

31.08.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Fellesframlegg:

Endring til rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg, unnateke punkt 1 vart samrøystes vedteke.

PM - 104/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Eikhovden, plan-ID 1263-201511, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Tillegg til § 3.9: Fortau o_SF5 skal vere ferdig opparbeidd før bruksløyve for bustadar i BFS3-6 med tilkomst frå o_SV3.
2. Tillegg til § 3.10: Fortau o_SF4 skal vere ferdig opparbeidd før bruksløyve for bustadar med tilkomst frå o_SV4.
3. Ny 4.2.6: Del av leikeplassar og del av leikeområde innanfor f_BUT1 som grensar mot

- trafikkareal og anna vegareal skal sikrast med gjerde.
4. Tillegg til § 4.4.1: Det kan førast opp skjermvegg for avfallsdunkar innanfor områda.
 5. Mogleg løysing for vatn og avlaup, inkludert overvasshandtering, må omtalast i planskildringa kapittel 8. Planskildringa 6.13 må rettast.
 6. Plantekniske tilhøve som nemnt i vurderinga må rettast.

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek planen til orientering, Viktig at loven om universell utforming vert følgd.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 031/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek planen til orientering, Viktig at loven om universell utforming vert følgd.

032/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Langheiane B8 og B9

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Langheiane B8 og B9, gbnr. 188/772 m.fl., ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

1. Føresegn 5.2.1 vert endra til: «*Maksimal utnytting for BBB er 100%. Areal for parkering under bakken og under beplanta dekke skal ikkje reknast med.*»
2. Bodareal skal inngå i rekneskapet for parkeringsutrekning, jf. krav frå områdeplanen for Knarvik Aust. Planskildringa må verte oppdatert i tråd med dette.
3. Føresegn 1.1.1 vert endra til: «*Tiltak som parkeringsplasser, trappar, støttemurar og mindre liknande tiltak kan plasserast utanfor regulerte byggegrenser. Sjå unntak i § 6.3.1.*»

.....

31.08.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Sæbjørg Hageberg Kjeka-Krf kom under handsaming av denne saka og avløyste vara Egil Magnar Eidsnes-Krf.

Fellesframlegg v/Håkon Reigstad-Sp:

Tillegg/ending til rådmannen sitt framlegg:

1. *Føresegn 5.2.1 vert endra til: «Maksimal utnytting for BBB er 100%. Areal for parkering under bakken skal ikkje reknast med.»*
2. *Bodareal skal inngå i rekneskapet for parkeringsutrekning, jf. krav frå områdeplanen for Knarvik Aust. Planskildringa og føresegn 5.5.1 må verte oppdatert i tråd med dette.*

Det bør vurderast å flytte overflateparkering bort frå inngangsparti. Dette for å auka tryggleik for gåande og syklende til bustadane.

Nytt pkt. 4. Utnyttingsgraden BBB er 115%. Plankart og føresegner oppdateres i forhold til dette.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 100/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Langheiane B8 og B9, gbnr. 188/772 m.fl., ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

1. Føresegn 5.2.1 vert endra til: «Maksimal utnytting for BBB er 100%. Areal for parkering under bakken skal ikkje reknast med.»
2. Bodareal skal inngå i rekneskapet for parkeringsutrekning, jf. krav frå områdeplanen for Knarvik Aust. Planskildringa og føresegn 5.5.1 må verte oppdatert i tråd med dette.
3. Føresegn 1.1.1 vert endra til: «Tiltak som parkeringsplasser, trappar, støttemurar og mindre liknande tiltak kan plasserast utanfor regulerte byggegrenser. Sjå unntak i § 6.3.1.»
4. Utnyttingsgraden BBB er 115%. Plankart og føresegner oppdateres i forhold til dette.

Det bør vurderast å flytte overflateparkering bort frå inngangsparti. Dette for å auka tryggleik for gåande og syklende til bustadane.

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet tek planen til orientering . Viktig at loven om universell utforming vert følgd.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 032/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Rådet tek planen til orientering . Viktig at loven om universell utforming vert følgd.

033/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Åsgard småbåthamn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Åsgard småbåthamn, gnr. 22 bnr. 6, 16, 17 m.fl. ut til offentleg ettersyn.

.....

31.08.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 101/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Åsgard småbåthamn, gnr. 22 bnr. 6, 16, 17 m.fl. ut til offentleg ettersyn.

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet tek planen til orientering, Viktig at loven om universell utforming vert følgd.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 033/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Rådet tek planen til orientering, Viktig at loven om universell utforming vert følgd.

034/16: Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Utkast til politisk styringsstruktur og reglement vert tatt til orientering. Det vert fremma følgjande framlegg til endringar:

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet tek saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 034/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Rådet tek saka til orientering.

035/16: Områderegeringsplan for Ostereidet Sentrum, 1.gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek å leggje Områderegeringsplan for Ostereidet sentrum (PlanID1263-201503) ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin §12-10.

31.08.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 099/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Plan- og miljøutvalet vedtek å leggje Områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum (PlanID1263-201503) ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin §12-10.

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet tek planen til orientering med denne merknaden: Kvifor 1,5 parkeringsplass pr. enheit. ? RMNF meiner det bør leggjast tilrette for 2 parkeringsplasser pr. bueinheit.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 035/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Rådet tek planen til orientering med denne merknaden: Kvifor 1,5 parkeringsplass pr. enheit. ? RMNF meiner det bør leggjast tilrette for 2 parkeringsplasser pr. bueinheit.

036/16: Sak om framtidig organisering læringscenteret (LOAS) i Kvernhusmyrane 20

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Rådmannen tilrår at vedtak fatta i KO sak 008/16 vert ståande med at læringscenteret går inn som ein del av bygget til ny Knarvik barneskule.

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet tek rådmannen sitt framlegg til orientering.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 036/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Rådet tek rådmannen sitt framlegg til orientering.

037/16: Knarvik barneskule. Idrettshall og elevkapasitet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret vedtar å byggje ei fleirbrukshall i handballstorleik (25m x45 m aktivitetsflate) med ei 1/4 utviding av hallen med klatrevegg.
2. Kommunestyret vedtar å byggje ei skule for 450 elevar.
3. Ny revidert ramme vert 222 mill kr inkl mva. Dette vert lagt inn i økonomiplanarbeidet høsten 2016.

17.10.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet tek saka til orinetering.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 037/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Rådet tek saka til orinetering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2016
	Eldrerådet	PS	
	Levekårsutvalet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Leni Dale	16/2641

Framlegg til Planprogram for Helse, sosial og omsorgsplan

Vedlegg:

Planprogram -Kommunedelplan Helse sosial og omsorg 2017 -2027Uttale planprogram helsesosial og omsorg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Planprogram for kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2017 -2027 blir vedteke slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Framlegg til planprogram for kommunedelplan helse, sosial og omsorg har vore til høyring. Rådmannen har vurdert høyringsinnspelet og utarbeidd endeleg framlegg til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg for 2017 -2027.

Vurdering

Planverktøyet skal vera i samsvar med overordna planverkty. Kommunedelplan for

helse, sosial og omsorg dannar med dette utgangspunktet for ein 4-årig handlingsdel på kommunenivå og verksemdsplanar på einingsnivå/avdelingsnivå. Handlingsdelen skal rullerast årleg, og endringar i overordna planverkty kan arbeidast inn i rullert kommunedelplan for helse, sosial og omsorg.

I samband med høyringa har det kome eit innspel. Dette frå Frivillighetssentralen ved avdelingsleiar. Dei skriv at det er to tema som ofte kjem seint inn, eller blir utelatt i planarbeid, og som regel blir etterpurt når kvardagen kjem. Det er samarbeid med frivillige og kultur. Kommunenes Sentralforbund (KS) legg stor vekt på at det offentlege må samarbeide med dei frivillige, særskilt innan omsorg. Alle innbyggjarar treng kulturopplevingar i ein eller annan form. Kultur er god medisin.

Rådmannen er samd i innspela og har gjort justeringar i kap. 5 som omhandlar tema og avgrensing av innhald. Hovudtema som planen skal omhandle, kulepunkt 5 er utvida til «*Aktiv brukarrolle, pårørande ,frivillig arbeid og kultur.*» *Referansegruppe 1 vert utvida til å omfatte også representantar for leiarar og tilsette i eining for kultur.* Dette skal vera med å sikra ei tidleg kopling i prosessen for områda frivillig arbeid og kultur.

Rådmannen vurderer det slik at ein kan ta til med prosess for å utarbeide framlegg til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg.



LINDÅS KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE, SOSIAL OG OMSORG 2017 - 2027

PLANPROGRAM, 8. DESEMBER 2016



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Innhald

1. Bakgrunn for planarbeidet
2. Føremål
3. Føringer for planarbeidet
4. Mål
5. Tema og avgrensing av innhald
6. Planprosess og medverknad
7. Framdrift

1. Bakgrunn for planarbeidet

Kommunestyret vedtok i sak 10/13 «kommunedelplan for helse og omsorg 2013 -2020, oppstart, mandat og omfang». Planprosessen starta opp i 2013 og eit endeleg vedtak av planen skulle skje tidleg hausten 2014. Planen vart ikkje ferdig innan den opphavlege fristen og vart av ulike årsaker ytterlegare utsett. Planarbeidet som no startar opp må ta opp i seg nye og endra føringar frå sentrale myndigheiter. Det er behov for å sjå samla på fagområda innfor sektor helse, sosial og omsorg, slik at ein kan definere og prioritere tiltak i eit tverrfagleg perspektiv og heilskap i tenestetilbodet. Av denne grunn vert det føreslått at kommunedelplanen også skal omfatte området sosial og at namnet vert endre til «Helse, sosial og omsorgsplan.»

Langsiktig samordna planlegging og tilstrekkeleg kunnskap om utviklingstrekk som påverkar tenestebehovet, er grunnlaget for å oppretthalde ei trygg og god helse-, sosial og omsorgsteneste. Nye nasjonale reformer, planar og lovverk medfører stort endringsbehov i helse, sosial og omsorgstenestene. I tillegg representerer utvikling i demografi, levekår og sosiale helseforskjellar store utfordringar i åra framover. For å møte desse utfordringane er det nødvendig å utvikle nye strategiar og verkemiddel. Helse, sosial og omsorgsplan skal vera eit overordna styringsdokument som skal klargjere og konkretisere dei utfordringane Lindås kommune står over for, samt tydeleggjere nødvendige strategiske grep for å møte desse.

2. Føremål

Føremålet med planen er å utarbeide ein heilskapleg og overordna plan og strategi for heile helse, sosial- og omsorgsområdet. Kommunedelplanen er eit politisk dokument og styringsverktøy for å oppnå målsetjinga kommunen har i høve til området. Kommunedelplanen er eit verktøy både for dagleg og langsiktig arbeid og skal vere eit konkret arbeidsverktøy for politisk handsaming av saker som vedkjem helse, sosial og omsorgssektoren.

Det skal i denne prosessen utarbeidast ein kommunedelplan for helse, sosial og omsorgssektoren, som synleggjer behov og prioriterte tiltak i ein periode på inntil 10 år. Kommunedelplanen dannar utgangspunktet for ein 4-årig handlingsdel på kommunenivå og verksemdsplanar på eining- og avdelingsnivå. Handlingsdelen skal rullerast årleg.

Kommunedelplanen skal til politisk handsaming haust 2017.

Gjennom planarbeidet skal ein sikre god forankring gjennom medverknad både frå innbyggjarar, aktørar som deltek i sektoren til dagleg, tilsette og brukarorganisasjonar.

3. Føringer for planarbeidet

Planarbeidet tek utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel , og vil sjå innhaldet i denne i samanheng med nasjonale føringar for helse, sosial og omsorgsfeltet.

(Lovverk, rettleiarar, stortingsmeldingar og NOU år)

4. Mål

Effekt mål ein ønskjer å oppnå gjennom planprosessen er at Lindås kommune har:

1. heilskapleg oversyn over stoda; styrke, utfordringar og behov i høve til tenestetilbodet innafor sektor helse, sosial og omsorg.
2. prioritert tiltak innafor sektoren med fokus på tverrfagleg samarbeid.
3. ein heilskapleg innsats i høve til prioriterte utvikingsområde.
4. gjennom medverknad i prosessen både frå tilsette og mottakarar av tenestetilbodet har lagt grunnlag for eigarskap til tiltak og prioriteringar i helse, sosial og omsorgsplanen .
5. eit oppdatert handlingsprogram med klar oversikt over prioriterte områder og rekkefølga i prioriteringa.

5. Tema og avgrensing av innhald

I prosessen inngår det å utarbeide ein Helse ,sosial og omsorgsplan for områda innan denne sektor i Lindås kommune. Denne skal erstatte tidlegare kommunedelplanar for fagområda.

Helse, sosial og omsorgsplan skal gjennom planprosessen ta utgangspunkt i prioriteringar i overordna planstrategi for kommunen, inn mot samfunnsdelen i kommuneplanen. Helse, sosial og omsorgsplan skal ha fokus på det faglege innhaldet i tenestetilbod innafor området, og vil ikkje omhandle byggtkniske kvalitetar. Prioriteringar inn mot bygg må vurderast i samband med prosess knytt til økonomiplanen. Folkehelse i alle livsfasar og fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid er eit førande prinsipp for kommunedelplan helse, sosial og omsorg.

Hovudtema som planen skal omhandle:

- Kunnskapsbasert praksis og kvalitet
- Innovasjon og velferdsteknologi
- Kompetanseutvikling
- Kvardagsmeistring
- Aktiv brukarrolle, pårørande, frivillig arbeid og kultur
- Tverrfagleg og koordinerande tenester

6. Planprosess og medverknad

1. Organisering

Politisk styringsgruppe:	Levekårsutvalet
Administrativ styringsgruppe:	Rådmannen si leiargruppe
Prosjektansvarleg:	Organisasjonssjef
Prosjektleiari:	Kommunalsjef helse og omsorg
Prosjektgruppe:	Einingsleiariar: helse, sjukeheim, heimetenesta, NAV, funksjonshemma Rådgivar stab Folkehelsekoordinator Kommuneoverlege Representant for tilsette (HTV)
Referansegruppe 1:	Representantar for leiariar og tilsette i helse, sosial og omsorgstenesta og kultur Kommunepsykolog Representant for fastlegar Hovudverneombod
Referansegruppe 2:	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Eldrerådet Brukarorganisasjonar Ungdomsråd

2. Medverknad

I prosessen legg ein opp til stor grad av medverknad frå ulike aktørar som har interesse av innhaldet i planarbeidet.

- Brukarorganisasjonar skal sikrast informasjon og ha høve til å kome med innspel undervegs i prosessen
- Aktørar innafor helse, sosial og omsorgssektoren skal sikrast informasjon og ha høve til å kome med innspel undervegs
- Deltakarane i prosjektgruppa må bruke referansegruppene aktivt undervegs

3. Høyring

Framlegg til planprogram blir sendt ut på høyring til alle avdelingane i helse, sosial og omsorg, lagt ut på heimesida til kommunen og i ekspedisjonen på rådhuset. I tillegg blir planarbeidet kunngjort i dei to lokalavisene i regionen. Høyringsfristen er sett til 6 veker. Dette i samsvar med plan og bygningslova §§ 11-4 og 11-5.

7. Framdrift

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram og kommunedelplan helse, sosial og omsorg:

Aktivitet	Haust 2016	Vår 2017	Haust 2017
Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling	15.08.		
Framlegg til planprogram – Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	29.08.		
Framlegg til planprogram- Eldrerådet	30.08.		
Framlegg til planprogram - Levekårsutvalet	30.08.		
Offentleg kunngjering	05.09.		
Frist for merknader og innspel til planprogrammet	19.10.		
Planprogram – rådmannen si innstilling	08.11.		
Vedtak av planprogram - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	21.11.		
Vedtak av planprogram- Eldrerådet	22.11.		
Vedtak av planprogram – Levekårsutvalet	22.11.		
Vedtak av planprogram - Kommunestyret	08.12.		
Framlegg til kommunedelplan – rådmannen si innstilling		09.05.	
Framlegg til kommunedelplan – Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		29.05.	
Framlegg til kommunedelplan - Eldrerådet		30.05.	
Framlegg til kommunedelplan – Levekårsutvalet		30.05.	
Høyringsperiode – Framlegg til kommunedelplan		06.06 - 18.07.	
Kommunedelplan – rådmannen si innstilling			15.8
Kommunedelplan - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne			28.08.
Kommunedelplan - Eldrerådet			29.08.
Kommunedelplan - Levekårsutvalet			29.08.
Vedtak av kommunedelplan Helse, sosial og omsorg – kommunestyret			21.09.

Fra: Per Ole Ekker

Sendt: 2. september 2016 10:00

Til: Leni Dale

Kopi: Ole Georg Hoaas; Øyvind Stang

Emne: Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2017-2027

Hei!

Eg vil kome med innspel kring framlegg til planprogram for «Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2017-2027»

Pkt 5 – Tema og avgrensing av innhald

«Folkehelse i alle livsfasar og fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid er eit førande prinsipp for kommunedelplan helse, sosial og omsorg.»

Det er **to tema** som ofte kjem seint inn, eller blir utelatt i planarbeid, og som regel blir etterpurd når kvardagen kjem:

Samarbeid med frivillige:

Kommunenens Sentralforbund (KS) legg stor vekt på at det offentlege må samarbeide med dei frivillige, særskilt innan omsorg.

Diverre ser ein ofte at i planarbeid blir den frivillige ressursen hengt på «som ein del av festtalen».

Det er først når ein skal begynne å arbeide i henhold til plan at ein etterspør frivillig hjelp. Og den som ikkje har ein form for eigerskap og inkludering vil sansynlegvis vere vanskeleg å få tak i etterpå. Eg oppmoder prosjektleiinga om å etablere kontakt med frivillige aktørar så tidleg som mogleg i planprosessen for å nyttiggjere seg ressursen når kvardagen kjem.

Kultur:

Alle innbyggjarar treng kulturopplevingar i ein eller annan form. Kultur er god medisin. Kultur som aukar livskvaliteten vil ofte kome for seint inn i planprosessane og vere vanskeleg og ofte kostbart å få inn att.

Kultur er ikkje avkobling, kultur er tilkobling. Men då må det koblast til så tidleg i prosessane at dei gode tankar og idear kjem fram i planarbeidet.

Eg oppmoder prosjektleiinga om å spele på lag med kulturaktørar tidleg i planprosessen.

Lukke til vidare med ein særskilt viktig plan

mvh



Per Ole Ekker

Dagleg leiar Frivilligsentralen

Tlf: +47 56 37 51 54 / 995 54 540

per-ole.ekker@lindas.kommune.no

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
074/16	Levekårsutvalet	PS	22.11.2016
041/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Astrid Namtvedt Sylta	16/8

Høyring - ny rammeplan for barnehage

Vedlegg:

Høringsutkast ny rammeplan (L)(1093333)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gjev høyringssvar slik det kjem fram i saksutgreiinga.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet har lagt forslag til ny rammeplan for barnehage ut på høyring, høyringsfristen er 20.01.2017. Målet er at den nye planen skal takast i bruk hausten 2017. Hovudfokuset i utkast til ny rammeplan er knytt til innhald og kvalitet på oppgåvene i barnehagen. Barnehagelova med forskrift regulerer barnehagen som pedagogisk verksemd. Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver har status som forskrift og utdjuper kva det pedagogiske tilbodet i barnehagen skal innehalde. Planen er barnehagesektoren sitt styringsdokument for planlegging, gjennomføring og vurdering av innhaldet.

Våren 2016 kom meld.st. 19 (2015-2016) *Tid for lek og læring, bedre innhold i barnehagen*. Denne meldinga konsentrer seg om det som påverkar kvaliteten på innhaldet i barnehagen, og den er relevant for arbeidet med ny rammeplan. I tillegg byggjer høyringsutkastet på NOU 2010:8 *Med forskartrang og lekelyst*, NOU 2014:7 *Elevenes læring i fremtidens skole*, NOU 2015:8 *Fremtidens skole- Fornyelse av fag og kompetanser*, NOU 2015:2 *Å høre til – Virkemidler for et trygt psykososial skolemiljø og Prop. 33L (2015-2016) Endringer i*

barnehageloven (tilsyn mm) og Innst. 344 I (2015-2016).

Dei viktigaste premissane i den nye rammeplanen er formåls- og innhaldsbestemmelsane i barnehagelova. Det betyr at også den nye rammeplanen skal byggje på den nordiske barnehagetradisjonen, og gje rom for ulike eigarar og ulike barnehageprofilar.

Sentrale prinsipp frå tidlegare rammeplanar av 1996 og 2006 er føreslege å vidareførast. Synet på barn og barndom, eit heilheitleg læringsomgrep og barnehagen som arena for omsorg, leik, læring og danning står sentralt i det nye utkastet til rammeplan. Samfunnsutvikling og ny kunnskap om barn og barnehagar viser at sjølv om det beste i norsk barnehagetradisjon skal vidareførast, skal rammeplanen vere oppdatert i høve til ny forskning.

Større endringar:

1. Omfang

Rammeplanen er ei forskrift eller eit vedtak som seier noko om barnehagen sine plikter. Det er difor viktig at rammeplanen er tydeleg på kva rammer barnehagen er pliktig å arbeide innanfor.

Ein gjennomgang av rammeplanen frå 2006 viser at store delar av planen ikkje handlar om rettar og plikter. Planen inneheld informasjon og tankar om barn og samfunn, eller viser til plikter som er fastsett i anna regelverk. I store delar av planen er bestemmelsane formulert som «bør», og ordlyden er så vag og skjønsmessig at den kan skape tvil om innhaldet.

Departementet meiner at eit naturleg grep for å gjere den nye rammeplanen tydlegare enn planen frå 2006, er å fjerne delar av teksten som ikkje gjeld rettar og plikter. Etter departementet sitt syn vil eit slikt grep føre til at dei nasjonale føringane for barnehagen kjem tydelegare fram, samstundes som rammeplanen vert kortare og meir konsis. Departementet meiner at ein meir konsis rammeplan vil gjere det enklare for personalet, eigar, tilsynsmynde og foreldre å orientere seg i planen.

For å ivareta barnehagesektoren sitt behov for informasjon og rettleiing, vil det verte utarbeidd veiledningsmateriell til den nye rammeplanen.

2. Struktur

Når den nye rammeplanen er kortare og meir konsis enn dei tidlegare rammeplanane, meiner departementet at det er mindre behov for å vidareføre den tredelte strukturen. Innhaldet er no sortert i 8 kapittel.

Kapittel 6 i den nye rammeplanen er tydeleg på ansvar og rollar i barnehagen.

3. Innhald

Høyringa inneheld fleire større endringar i innhaldet i barnehagen

- Tydelege føringar på korleis eigar, styrar, pedagogisk leiar og anna personale skal arbeide for å sikre at alle barn får eit kvalitetsmessig godt barnehagetilbod
- Formålsparagrafen frå 2010 er konkretisert i rammeplanen sin omtale av verdigrunnlag og føremål. Tema som demokrati, mangfald, likeverd og bærekraftig

- utvikling og helse er tydeleggjort som ein del av barnehagen sitt verdigrunnlag.
- Barnehagen sitt heilheitlege oppdrag er gjort meir forpliktande ved at det er formulert mål for personalet sitt arbeid med omsorg, leik, danning, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk.
- Rammeplanen er betre tilpassa behova til dei yngste barna
- Tydelege føringar for barnehagen sitt arbeid med å førebyggje, avdekke og handtere krenkingar og mobbing
- Tydelege krav til at barn skal ha fysisk aktivitet og at barnehagen skal fremje barna si fysiske og psykiske helse
- Tydelege føringar for barnehagen sitt ansvar for å utvikle barn si interesse og forståing for eit mangfaldig samfunn
- Tydelege krav til progresjon i barnehagen sitt innhald
- Fagområda er justerte for å sikre at innhaldet er fagleg oppdatert / relevant
- Tydelege føringar for barnehagen sitt ansvar for å sikre at barn med anna morsmål enn norsk får god oppfølging i utviklinga av norsk som andrespråk
- Tydelege føringar for barnehagen sitt arbeid med planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og vurdering
- Tydelege føringar for tilrettelegging av tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Departementet ber høyringsinstansane særleg vurdere om

- Forslaget til ny rammeplan fungerer som eit tydelegare styringsdokument
- Forslag til ny rammeplan fungerer som eit veileigna arbeidsdokument for barnehagepersonalet
- Forslaget til ny rammeplan ivaretek barnehagen sitt breie samfunnsmandat
- Kva delar av rammeplanen som bør utdjupast i veiledningsmateriell

Vurdering

Når ein samanliknar rammeplan frå 2006 med utkastet til ny rammeplan, er det mykje positivt å lese. Planen byggjer på det beste i norsk barnehagetradisjon, og den vektlegg nyare forskning. Dei nasjonale føringane for barnehage kjem tydeleg fram, noko som vil gjere planen enklare å bruke.

Kapittel 6 i den nye planen er tydeleg på ansvars- og rollefordeling. Kva oppgåver som ligg til dei ulike rollane, og kva oppgåver som gjeld alle som arbeider i barnehagen. Under dei ulike tema / fag kjem det tydeleg fram kva barna skal oppleve/lære, og kva personalet skal gjere. Der det i tidlegare rammeplan stod *bør*, står det no *skal*.

Eitt av tema i den nye planen er *livsmestring og helse*. Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjevne sosial ulikskap. I *Den norske mor-og barn undersøkinga* (MoBa) kjem det fram at barn frå lavinntektsfamiliar er mest sårbare for å utvikle symptomar på depresjon og angst. Undersøkinga viser at når økonomien i lavinntektsfamiliar buttar, aukar symptomta hjå barn. Dette gjeld ikkje for barn som går i barnehage. Norske *høgkvalitetsbarnehagar* beskyttar barn frå lavinntektsfamiliar mot depresjon og angst. (Artikkel av Arne Holte: *Sats bredt på psykisk helse i barnehagen og skolen*).

Under tema *barn og barndom* står det, sitat: «*Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens egenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehage får en god barndom preget av trivsel, vennskap, vennskap og lek, er fundamentalt. Barnehagen er også en*

forberedelse til aktiv deltakelse i samfunnet og bidrar som grunnlag for eit godt liv.»

Samfunnsmandatet som barnehagen har fått, er stort og omfattande!

Lindås kommune har vedteke Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028. Under Folkehelse – barn og unge i Lindås står det, sitat: *«Frå forskning veit vi at gode kår i barndommen gir grunnlag for eit godt liv med god helse. Både økonomi i barnefamiljar, inkludering i gode barnehagar og skular, sunne vanar, nærmiljø og fritid er viktige faktorar. Ei god ungdomstid er avgjerande for den enkelte og for samfunnet. Kommunen ønskjer å prioritere barn og unge sine levkår høgt. Utdanningsløpet tek til i barnehagen.»*

Ved å gå djupare inn i Kvalitetsplanen vil ein finne mange tema/målsetjingar som samsvar med innhaldet i utkast til ny rammeplan. Dette teiknar godt for arbeidet i barnehagane i Lindås!

I samband med høyringa vert det halde regionale høyringskonferansar i regi av av departementet. Representantar frå oppvekst i Lindås skal delta på denne. Alle barnehagane i kommunen er og inviterte. Tema ny rammeplan vil og verte tatt opp på styrarsamling der alle barnehagane i Lindås er representerte.

Slik vurderer Lindås spørsmåla frå departementet:

- Forslaget til ny rammeplan fungerer som eit tydlegare styringsdokument

Ja, den nye rammeplanen er tydeleg på forventningar. Den inneheld klare mål for dei ulike fagområda.

- Forslag til ny rammeplan fungerer som eit veileigna arbeidsdokument for barnehagepersonalet

Ja, planen inneheld tydeleg forventningar til personalet i barnehagen.

- Personalet skal.....
- Barnehagen skal bidra til at barna.....
- Tydeleg ansvars- og rolle fordeling

- Forslaget til ny rammeplan ivaretek barnehagen sitt breie samfunnsmandat

Ja, gjennom arbeid med mange ulike tema vert samfunnsmandatet ivareteke

- Livsmestring
- Demokrati
- Likeverd og likestilling
- Bærekraftig utvikling
- Mangfald
- Handlingane våre i dag får konsekvensar for framtida!

- Kva delar av rammeplanen som bør utdjupast i veiledningsmateriell

Som tidlegare sagt vil representantar frå oppvekst og tilsette i barnehagane i Lindås delta på høyringskonferansen 24.11.2016. Høyringsfristen er sett til 20.01.2017. Gjennomgangen av høyringsutkastet, og faglege drøftingar, vil gje oss eit godt grunnlag til å vurdere kva tema som bør utdjupast i veiledningsmateriell. Temaet vil og verte drøfta på styrarsamling. Rådmannen vil kome med innspel til veiledningsmateriell når dette er gjort.

.....

Høringsutkast pr. 20.10.2016

Forskrift X om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet dato med hjemmel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) § 2 syvende ledd.

Forord

Stortinget har i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) fastsatt overordnede bestemmelser om barnehagens innhold og oppgaver, jf. §§ 1, 1 a, 2, 3, 4 og 5. Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver (rammeplanen) fastsetter utfyllende bestemmelser om barnehagens innhold og oppgaver.

Rammeplanen trer i kraft dato. Fra samme tidspunkt oppheves forskrift 1. mars 2006 om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.

Innhold

Høringsutkast	1
Forskrift X om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver	1
Forord	1
1. Barnehagens verdigrunnlag.....	4
Barn og barndom.....	4
Demokrati.....	4
Mangfold og gjensidig respekt	4
Likestilling og likeverd	5
Bærekraftig utvikling	5
Livsmestring og helse	5
Barnehager med særlige formål.....	6
2. Barns medvirkning.....	6
3. Samarbeid mellom hjem og barnehage	7
3. Barnehagens formål og innhold	7
Barnehagens skal ivareta barnas behov for omsorg	7
Barnehagens skal ivareta barnas behov for lek.....	8
Barnehagen skal fremme danning	8
Barnehagen skal fremme læring	8
Barnehagen skal fremme sosial kompetanse.....	9
Barnehagen skal fremme kommunikasjon og språklig kompetanse.....	9
Samisk barnehagetilbud	10
4. Barnehagens arbeidsmåter	10
Progresjon	11
Barnehagens digitale praksis	11
5. Barnehagens fagområder	11
Kommunikasjon, språk og tekst	12
Kropp, bevegelse, mat og helse	12
Kunst, kultur og kreativitet.....	13
Natur, miljø og teknologi.....	14
Antall, rom og form	15
Etikk, religion og filosofi	15
Nærmiljø og samfunn.....	16
6. Ansvar og roller	17
Barnehageeier.....	17
Styrer	17

Pedagogisk leder	18
7. Barnehagen som pedagogisk virksomhet.....	18
Planlegging	18
Vurdering.....	19
Tilrettelegging av tilbudet for barn som trenger ekstra støtte	20
8. Overganger	20
Når barnet begynner i barnehagen	20
Overgangen mellom barnehage og skole.....	20

HØRINGSUTKAST

1. Barnehagens verdigrunnlag

Barnehagens verdigrunnlag skal formidles, praktiseres og oppleves gjennomgående i barnehagens pedagogiske arbeid. Barndommen har egenverdi, og barnehagen skal ta utgangspunkt i en helhetlige tilnærming til barnas utvikling. Barnehagens samfunnsmandat er, i samarbeid og forståelse med hjemmet, å ivareta barnas behov for omsorg og lek og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling. Lek, omsorg, læring og dannelse skal ses i sammenheng.

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet. Dette er verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn, og som er forankret i menneskerettighetene.

Å møte individets behov for omsorg, trygghet, tilhørighet og anerkjennelse og å sikre at barna får ta del i og medvirke i fellesskapet, er viktige verdier som skal gjenspeiles i barnehagen. Barnehagen skal fremme demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, bærekraftig utvikling, livsmestring og helse. Personalet skal være rollemodeller i barnehagen og ha et bevisst forhold til sin rolle.

Barn og barndom

Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens egenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehage får en god barndom preget av trivsel, vennskap og lek, er fundamentalt. Barnehagen er også en forberedelse til aktiv deltakelse i samfunnet og bidrar som grunnlag for et godt liv.

Alle handlinger og avgjørelser som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggende hensyn. Dette er et overordnet prinsipp som gjelder for all barnehagevirksomhet.

Barna skal møtes som individer, og barnehagen skal ha respekt for barnets opplevelsesverden. Barns liv påvirkes av omgivelsene, men barn påvirker også sine egne liv. Barnehagen skal gi rom for barnas ulike forutsetninger, perspektiver og erfaringer og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utvikler et positivt forhold til seg selv og tro på egne evner.

Demokrati

Gjennom deltakelse i barnehagens fellesskap skal barna gis mulighet til å utvikle forståelse for samfunnet og den verden de er en del av. Barnehagen skal fremme demokrati og være et inkluderende fellesskap der alle får anledning til å ytre seg, bli hørt og delta. Barna skal få oppleve demokratisk deltakelse ved å bidra og medvirke til barnehagens innhold. Ulike meninger og perspektiver skal få komme til uttrykk og være utgangspunkt for utviklingen av barnehagen som demokratisk fellesskap. Barnehagen skal bidra til at barna får forståelse for og slutter opp om demokratiske verdier og normer som ligger til grunn for det samfunnet vi har i dag.

Mangfold og gjensidig respekt

Årsplanen skal vise hvordan barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanens formål og innhold og barnehageeierens lokale tilpasninger til pedagogisk praksis. Årsplanen skal blant annet vise hvordan barnehagen arbeider med progresjon i barnehagens innhold og arbeidsmåter. Det skal synliggjøres hvordan barns og foreldres medvirkning bringes inn i planleggingsarbeidet, hvordan barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og hvordan barnehagen vurderer sitt pedagogiske arbeid. Det skal også fremkomme hvordan barnehagen ivaretar samarbeid og sammenheng med skolen.

Vurdering

Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjoner som hele personalgruppen er involvert i. Felles refleksjoner over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet et utgangspunkt for videre planlegging og gjennomføring. Det kan også bidra til en åpen diskusjon om barnehagens formål, innhold og oppgaver. Faglige og etiske problemstillinger skal inngå i vurderingsarbeidet. På denne måten kan personalet lære av egen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk virksomhet.

Kunnskap om barnegruppens og enkeltbarns trivsel og allsidige utvikling er viktig for å gi alle barn et tilrettelagt tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. Barnets trivsel og allsidige utvikling skal derfor observeres og vurderes fortløpende, med utgangspunkt i barnets individuelle forutsetninger og kunnskap om barns utvikling og behov. Barnets erfaringer og synspunkter skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalets arbeid synliggjør hvordan personalet arbeider for å oppfylle kravene i barnehageloven og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske virksomheten. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet informasjon om hva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen og hvordan barnehagen oppfyller kravene i barnehageloven og rammeplanen.

Vurderinger om barnegruppens og enkeltbarns trivsel og allsidige utvikling skal dokumenteres når det er nødvendig for å gi barnegruppen og enkeltbarn et tilrettelagt tilbud. Det kan gi grunnlag for å tilpasse og videreutvikle det pedagogiske arbeidet.

Et etisk perspektiv skal ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegruppen og enkeltbarn. Personopplysninger skal behandles i samsvar med personopplysningsloven. Dette innebærer blant annet at det normalt kreves samtykke fra foreldrene dersom barnehagen skal dele personopplysninger med andre instanser.

Foreldre har rett til å se og få utlevert dokumentasjon om egne barn.

Tilrettelegging av tilbudet for barn som trenger ekstra støtte

Noen barn kan ha behov for ekstra støtte i kortere eller lengre perioder. Barnehagen skal sørge for at barn som trenger ekstra støtte tidlig, får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilretteleggingen som er nødvendig for å gi barnet et inkluderende og likeverdig tilbud. Tilretteleggingen skal vurderes underveis og justeres i tråd med barnets behov og utvikling.

Hvis det er grunn til å tro at barnets behov ikke kan avhjelpes innenfor det ordinære barnehagetilbudet, skal barnehagen opplyse foreldrene om retten til å kreve en sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen skal sørge for at barn som mottar spesialpedagogisk hjelp, inkluderes i barnegruppen og i det ordinære barnehagetilbudet.

8. Overganger

Når barnet begynner i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldrene legge til rette for at barnet kan få en trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutiner og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjoner og knytte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tiden slik at barnet opplever tilhørighet og trygghet til å leke, utforske og lære.

Overgangen mellom barnehage og skole

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skolen legge til rette for at barnet kan få en trygg og god overgang fra barnehage til skole og eventuell skolefritidsordning. Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen. Barnehagen må ha samtykke fra foreldrene for å dele opplysninger om enkeltbarn med skolen.

De eldste barna skal få glede seg til å begynne på skolen og oppleve at det er en sammenheng mellom barnehagen og skolen. Barnehagen skal legge til rette for at de eldste barna har med seg erfaringer, kunnskaper og ferdigheter som kan gi dem et godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skolen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetiden på en god måte og møte skolen med nysgjerrighet og tro på egne evner. Barna skal få bli kjent med hva som skjer i skolen og skolefritidsordningen.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Eldrerådet	PS	
	Levekårsutvalet	PS	
042/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Line Thuen Waage	14/5177

Melding om oppstart av planarbeid, områdeplan for Lonena gnr. 185 bnr 284

Vedlegg:

Planprogram for Lonena områdeplan. Etter vedtak i pmu 6.10.16 Oppstart av områderegulering for Lonena, og framlegg til planprogram Planavgrensning

Saksopplysningar

Saka skal til orientering i Levekårsutvalet, Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne og Eldrerådet.

Saksutgreiing

I medhald av plan- og bygningsloven §12-8 og §7 i forskrift om konsekvensutgreiing, er det varsla om igangsetting av områderegulering med tilhøyrande konsekvensutgreiingar, for gnr. 185 bnr. 284, Lonena, Lindås kommune.

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune vedtok 6.10.16 i sak 118/16 oppstart av områdeplan for Lonena og høyring av planprogram.

I samband med oppstart av planarbeidet vert òg planprogrammet lagt ut på offentleg høyring.

Framleggsstillar

Planen er eit offentleg-privat samarbeid mellom Lindås kommune og Rygir Tomteutvikling AS. OPUS Bergen AS er utførande konsulent for planlegginga.

Planområdet

Planområdet ligg nord for Knarvik sentrum, og er avgrensa som vist på vedlagt kartutsnitt. Planområdet er på om lag 413 daa og omfattar gnr. 185 bnr. 284 m. fl med eksisterande stisystem samt delar av kringliggande vegsystem. Noko skogområde av gnr. 185 bnr.1 inngår nordvest i planområdet.

Planstatus

Planområdet er i arealdelen til kommuneplanen for Lindås (2011-2023) sett av til område med kommunedelplan eller kommunedelplan under utarbeiding. I vedteken kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007-2009 er området i hovudsak sett av til bustadområde og grønstruktur – med friområde. Ein mindre del i sørvest er sett av til område for offentlege bygg.

Føremålet med planframlegget

Føremålet med planframlegget er å etablere nye bustader med tilhøyrande infrastruktur og grønstruktur.

Verknader av planen

Reguleringsplanen vil leggje rammene for gjennomføring av tiltak.

Utlegging av planprogram til offentlig ettersyn

Det er vurdert at planarbeidet er konsekvensutgreiingspliktig i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar. Som del av arbeidet er det utarbeidd eit framlegg til planprogram.

Planprogrammet fastset kva som skal greiast ut som del av konsekvensutgreiinga, og vert vedteke av Lindås kommune.

Informasjon og medverknad

Planprogrammet er sendt til berørte partar og offentlege høyringsinstansar for uttale.

.....

.....

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
116/16	Plan- og miljøutvalet	PS	06.10.2016
043/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	21.11.2016
	Eldrerådet	PS	
	Levekårsutvalet	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	15/3883

Ny 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Sjøvold, Seim, plan-id 1263-201514

Vedlegg

Detaljregulering Sjøvold-Seim-Planbeskrivelse Rev 140916
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Føresegner 2-RED ADM 26.09.2016
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Plankart Rev 140916
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Vedlegg A Rev 140916
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Vedlegg B Rev 140916
Reguleringsplan Sjøvold - revisjon etter møte med kommunen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Sjøvold, Seim, plan-ID 1263-201514, ut til høyring og offentlig ettersyn. Plankart datert 14.09.2016 og reviderte føresegner datert 26.09.2016 vert lagt til grunn.

.....

Plan- og miljøutvalet - 116/16

PM - behandling:

Framlegg frå Krf og Ap:

Rådmannen sitt framlegg med tilleggspunkt:

- *På vilkår av at tomtestorleiken vert tilpassa kommuneplanen av 2011 sitt krav til tomtestorleik for einebustadar og tomannsbustadar.*

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (M. Knudsen-Krf, S. Hageberg Kjeka-Krf, Bent Risøy-Krf, K. F. Arvidsson-Ap, S. Hauge-Ap, H. Brunborg-Ap)

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og fall (A. Høgquist-Frp, G.O Hopsdal-Frp, T.

Larsen-Frp, I. Fjeldsbø-Frp)

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Sjøvold, Seim, plan-ID 1263-201514, ut til høyring og offentleg ettersyn med følgjande endring:

- På vilkår av at tomtestorleiken vert tilpassa kommuneplanen av 2011 sitt krav til tomtestorleik for einebustadar og tomannsbustadar.

Plankart datert 14.09.2016 og reviderte føresegner datert 26.09.2016 vert lagt til grunn.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til høring og offentleg ettersyn.

Framlegg til reguleringsplan for Sjøvold, Seim, var oppe til handsaming i plan- og miljøutvalet 31.08.2016, der planframlegget vart avvist. Det vart vist til at planen måtte stetta krav som er sett i kommuneplanens arealdel knytt til tomtestorleik for eine- og tomannsbustader og at ein vidare måtte rette opp planframlegget i tråd med rådmannens framlegg til vedtak. Saksframlegg frå 1. gongs handsaming er vist i kursiv 10 pkt nedst i dette dokumentet.

Sidan plan- og miljøutvalet sitt vedtak, er det halde undervegs møte med plankonsulent og planfremjar. Her vart vedtaket i plan- og miljøutvalet gjennomgått og det vart semje om ny utforming av planframlegget. Endringane er omtala under, med administrasjonens vurderingar etter gjennomgangen.

Planframlegget er justert med omsyn til vedtaket til plan- og miljøutvalet. I høve tomtestorleik er områda B og BF 2 no justert slik at tomtestorleik skal tilfredsstillast krava som er sett i kommuneplanen for eine- og tomannsbustader. For område B er det ikkje vist tomtedeling, dette for å kunne ha ein fleksibilitet i høve om ein ynskjer å etablere to einebustader eller ein tomannsbustad i delfeltet. Når det gjeld BF1 er det lagt opp til totalt 3 bueiningar innanfor delfeltet. Om ein etablerer tre einebustader, vil då dei to nye bustadane få ein tomtestorleik på 650 m², medan eksisterande bustad vil få eit areal på om lag 540 m². Det er mogleg å få til felles manøvreringsareal for parkering for to av tomtane, noko som vil frigje areal til

uteopphaldsareal. Om ein etablerer ein tomannsbustad i tillegg til eksisterande bustad, vil det ikkje vere problematisk å innfri krava til tomtestorleik i kommuneplanen. Som for område B, ynskjer ein at endeleg tomteinndeling vert gjort i høve første byggesøknad, slik at ein kan få føremålstenlege tomter, avhengig om ein velger eine- eller tomannsbustad. Område BK2 er justert noko, men tilfredsstillar framleis krav knytt til MUA for konsentrert bustad.

Som følgje av reduksjon i antall bueiningar er leikeareala redusert tilsvarande. F_L1 er redusert til 111 m², men tilfredsstillar krav til storleik på 10x10 meter. Totalt leikeareal innanfor planområdet er i samsvar med krava som er satt i kommuneplanen.

I høve tilleggspunkta som var lista opp i rådmannens framlegg til vedtak er desse følgd opp i revidert planframlegg. Det er lagt inn at dei BK-områda skal vere garasje plass for minimum 4 bilar i kvart av bygga. Det er også teke inn krav om at minimum 10 % av parkeringsplassane skal tilretteleggast for rørslehemma og at det skal leggjast til rette for lading av køyrety. Det er teke inn tal på bueiningar for dei nye byggeområda. Vidare er utformingskrav knytt til leikeplassar tekne inn i føresegnene. Tilhøve knytt til vatn og avlaup er følgd opp i planskildring og føresegner. Terrengepassing er teke inn som eige punkt i føresegnene og sikring av skjeringar og murar er også omfatta. Tomtegrenser som skal opphevast er vist i plankart. Det er teke inn tekst i føresegnene som omhandlar tilhøve til frisktsoner.

Vurdering

Administrasjonen har gått gjennom det reviderte materialet, og har nokre merknader til dette. Når det gjeld tilhøvet til tomtestorleikar for eine- og tomannsbustader som er sett i kommuneplanen, er det reviderte planframlegget i hovudsak i samsvar med krava som er sett i kommuneplanen. For område BF1 er det opna opp for at det kan etablerast inntil 3 bueiningar, anten som einebustader eller tomannsbustader. Ved etablering av einebustader vil dei nye bustadane kunne stette kravet om minimum 650 m² tomtestorleik, medan eksisterande bustad vil få om lag 550 m² tomt. Dette vil vere i strid med kommuneplanen, men administrasjonen meiner at ein ved felles tilkomst og manøvreringsareal med minimum ein av dei andre bustadane, vil spare noko areal som elles ville gått med til dette føremålet. I tillegg er det aktuelle området flatt, og det vil vere greitt å oppfylle krava til minste uteopphaldsareal som ligg i kommuneplanen. Avviket frå kommuneplanen vil også vere akseptabelt for ei enkelt tomt, der ein elles klarer å oppfylle krava for dei resterande eigedomane innanfor planområdet. Tilsvarande har blitt gjort i tilgrensande felt Nilshøyen for ei enkelt tomt. Om det vert etablert tomannsbustad i BF1, vil ein uansett oppfylle krava om tomtestorleik sett i kommuneplanen. Administrasjonen meiner at planframlegget slik det ligg føre kan anbefalast med omsyn til tomtestorleik.

Når det gjeld områda BF3 og BF4 som i dag allereie er etablert med bustader, føreslår administrasjonen å legge inn dagens tal på bueiningar i føresegnene. Det er i planframlegget ikkje teke stilling til eventuell utviding av tal på bustader for desse eigedomane, og det er heller ikkje vurdert areal for leik, veg eller VA-løysingar utover dagens løysingar. Om det skulle vere ynskje om utnytting utover det antall bueiningar som planen legg opp til, meiner administrasjonen at det må setjast krav om reguleringsplan som tek for seg desse tilhøva for BF3 og BF4. Administrasjonen sine tillegg er merka med blått i vedlagte reguleringsføresegner. Planfremjar sine endringar er merka med raudt.

Administrasjonen har elles ikkje spesielle merknader knytt til planframlegget utover at alle tilleggspunkta som låg inne i rådmannens framlegg til vedtak no er innarbeidd i planframlegget og planframlegget slik det ligg føre kan vedtakast med dei endringane som er

innarbeidd i føresegnene.

Saksframlegg til 1. gangs handsaming i plan- og miljøutvalet 31.08.2016:

Saksbehandlar Christian H. Reinshol	ArkivsakID
---	-------------------

1. gangs handsaming av reguleringsplan Sjøvold, Seim, plan-id 1263-201514

Vedlegg:

*Detaljregulering Sjøvold-Seim-Følgeskriv
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Føresegner
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Planbeskrivelse
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Plankart
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Vedlegg A-Illustrasjonsplan
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Vedlegg B-Profil 1-2-3
Detaljregulering Sjøvold-Seim-Vedlegg C-MUA-plan*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Sjøvold, Seim, plan-ID 1263-201514, ut til høyring og offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

Talet på bustader innanfor planområdet må reduserast, slik at tomtstorleik stettar krava sett i kommuneplanen for eine- og tomannsbustader.

Tillegg til § 4.3: I BK2 skal det etablerast parkeringsgarasje i underetasje.

Det må fastsettast maksimalt tal på bueiningar innanfor kvart delfelt. Dette skal inn i føresegnene under dei ulike bustadtypane.

Fortau F1 skal vidareførast forbi BF4. Ny del må få eige nummer og skal ikkje gå inn i rekkefølgjekrav for opparbeiding.

Tillegg til § 4.3: Minimum 10 % av parkeringsplassane skal utformast for rørslehemma.

Tillegg til § 4.3: Det skal leggjast til rette for lading av køyrety på parkeringsareal slik at kvar bueining har moglegheit til å etablere ladepunkt.

Tillegg til § 4.5: f_L1 skal opparbeidast med universell utforming.

Tillegg til § 4.5: Leikeområda skal ved etablering sikrast med gjerde mot fylkesvegen, gangveg og trafikkareal, murar og skjæring.

Tenkt løysing for vatn og avlaup til nye og eksisterande bustader må omtalast i planskildringa kapittel 6.10.

Ny § 3.5: Det må sikrast tilstrekkeleg handtering av overvatn innanfor planområdet. Nye tiltak som følge av planen skal ikkje føre til endra tilhøve nedstraums for tiltaket.

I opphavleg terreng som er brattare enn 1:3, skal det veljast ein hustype som tar opp nivåforskjellar i terrenget.

Tillegg til § 5.1: Eventuelle skjeringar og murar over 2 meter skal sikrast med gjerde og naudsynt rassikring skal utførast.

Eigedomsgrenser som skal opphevast som følge av reguleringa må visast i plankartet

Tillegg til § 3.1: Tiltak som vert etablert utanfor byggegrenser skal ikkje kome i konflikt med frisktsonar.

.....

Plan- og miljøutvalet - 105/16

PM - behandling:

Fellesframlegg v/Hogne Brunborg-Ap:

Plan- og miljøutvalet avviser planen slik den ligg føre, med bakgrunn i at planen ikkje stettar krava i kommuneplanen for eine- og tomannsbustadar. Øvrige punkt i rådmannenn sitt framlegg til vedtak må også innarbeidast i planen før den vert lagt fram att til politisk handsaming. Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet avviser planen slik den ligg føre, med bakgrunn i at planen ikkje stettar krava i kommuneplanen for eine- og tomannsbustadar. Øvrige punkt i rådmannenn sitt framlegg til vedtak må også innarbeidast i planen før den vert lagt fram att til politisk handsaming.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til høring og offentleg ettersyn.

Oppdragsgjevar for reguleringsplanen er Seim Eigedomsutvikling AS og plankonsulent har vore proESS AS, Ålesund.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for utbygging av opp til 15 bustader på Seim, på gards- og bruksnummer 172/26 m.fl. Området er lagt ut til bustad i kommuneplanen og tiltaket er soleis i samsvar med arealkategori i overordna plan. Området er tenkt bygd ut med ulike bustadtypar, med einbustader, tomannsbustader og firemannsbustader. I tillegg er det opning for å etablere rekkehus innanfor eitt av bygggeområda. I tillegg er eksisterande bustader innanfor området regulert etter ynskje frå kommunen. Det vert lagt opp til at firemannsbustadane skal ha parkering i underetasje. Det er elles sett av leikeareal som stetter arealkrava som er sett i kommuneplanen, fordelt på to områder innanfor reguleringsplanen. Det er vidare teke inn fortau

på 1,5 meter som går frå kryss inn til planområdet og til dei øvre delane av feltet. Området som vert regulert er på om lag 13,3 dekar og er i kommuneplanen sett av til bustadføremål og er soleis i samsvar med overordna plan. Det er nokre mindre avvik frå området som er sett av til bustad i kommuneplanen, men ein har fulgt eigedomsgrensene som ei normal avgrensing av bustadområdet. Planområdet er i hovudsak eigedom 172/26, men ein har teke med tilstøytande eigedommar for å unngå at ein får uregulerte felt innimellom reguleringsplanane i området.

Det vert opna opp for til saman 15 nye bueiningar innanfor planrområdet, i tillegg til eksisterande bustader innanfor området. Dei nye bustadane er fordelt på to firemannsbustader, ein tomannsbustad og fem einebustader. Det er lagt til rette for ein fleksibilitet innanfor felt B, der ein kan etablere rekkehus om dette viser seg å vere føremålstenleg. Det er opna opp for bygningar med opp til 9 meter mønehøgde innanfor planområdet. Dersom bygningane har pulttak eller arkar/takoppløft er gesimshøgde sett til 8 meter. Gesimshøgde for bygningar med flatt tak er 7 meter. Det er i tillegg opna opp for trappeoppbygg/loftsstue med grunnflate på maksimalt 30 m² x 2 og inntil 9 meter gesimshøgde.

Grad av utnytting for området varierer på dei ulike felta, frå 30% BYA på eksisterande bustadtomter som er teke med etter ynskje frå kommunen, til 40 % BYA for eine- og tomannsbustader og rekkehus og 50 % BYA for firemannsbustadane. Det utarbeidd ei oversikt over berekna uteopphaldsareal for kvar enkelt tomt innanfor planområdet som viser at alle tomtene skal tilfredsstillende krava til uteopphaldsareal som er sett i kommuneplanen.

Terrasse/balkong og eventuelt eigna areal under balkong kan reknast med i uteopphaldsarealet. Det er lagt opp til 2 parkeringsplassar per bueining innanfor planområdet. For firemannsbustadane er delar av parkering tenkt løyst i underetasje på bygga. Dette vil gjere det mogleg å etablere gode private uteopphaldsareal for alle bueiningane samstundes som uteareal/parkingsareal vil verte frigjort til uteopphald. Det er opna opp for etablering av garasje på alle områda innanfor reguleringsplanen. Det er sett nokre avgrensingar i høve avstand til veg for etablering av garasje.

Det er lagt inn fortau i området som bind saman dei to leikeområda og opp bakken til område B, BK2 og BF2. Dette vil gje trygge tilhøve for born og mjuke trafikantar innanfor området. Vegbreidde er sett til 3,5 meter og det er lagt inn møteplassar i svingane opp bakken til områda B, BK2 og BF2. Vegbreidda vil bidra til å senke farten i området, samstundes som utvidingane og kryss er dimensjonert for at lastebilar skal kunne kome inn i området. Vegen til B, BK2 og BF er tenkt med stigningstilhøve 1:8. Hovudtilkomst vert frå fylkesvegen på eksisterande tilkomstveg inn i området, forbi barnehagen. Her er det lagt til rette med fortau heile vegen. Vidare er det fortau heile vegen til Seim skule.

Leikeareala er dimensjonert for 15 nye bueiningar og fordelt på to områder knytt til dei ulike byggeområda i feltet. Det er knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding av områda. Områda får universell tilkomst og skal opparbeidast med med moglegheit for opphald, rekreasjon, leik og spill på tvers av aldersgrupper.

Universell utforming er tenkt for tilkomst til leikeområda. Utover dette vert det vist til teknisk forskrift i høve krav til tilkomst og tilgjengelege bustader. Fortau og tilkomstveg til områda B, BK2 og BF2 vil ha ei stigning på 1:8 og vil ikkje vere vanskeleg å få til med lågare stigning.

Det er gjort vurderingar knytt til naturmangfaldslova som viser at det ikkje er naudsynt med spesielle omsyn knytt til naturmiljøet. I høve støy er Statens vegvesen sitt støykart lagt til grunn for planarbeidet, og dette viser at området ikkje ligg innanfor noko støysoner. Det er ikkje vurdert naudsynt med utgreiingar utover dette knytt til støy. Det er ikkje utarbeidd VA-rammeplan for området. I høve avfallshandtering er det sett av tilstrekkeleg område til dette og det er snumoglegheit for renovasjonskøyrety.

Vurdering

Framlegget til reguleringsplan for Sjøvold er vurdert av administrasjonen og administrasjonen sine vurderingar kjem fram under. Framlegget vert vurdert i høve ulike tema og framlegg til endringar og justeringar i planframlegget er presentert under kvart punkt.

Tilhøvet til overordna plan:

Planområdet ligg innanfor område sett av til bustadføremål i kommuneplanen. Delar av bustadtomtene i aust og ei stripe heilt nord i planområdet er vist som grønt LNF i kommuneplanen, men dette vurderer administrasjonen som ein mindre teiknefeil i planmaterialet og vurderer planframlegget å vere i samsvar med arealføremålet i overordna plan.

Bustadstruktur:

Det vert lagt opp til ei relativt høg utnytting innanfor planområdet der det er planlagt nye bustader. Det vil til saman kome inntil 15 nye bustader på eit 7-8 dekar stort område. Reguleringsplanen utfordrer kommuneplanen på minste tomtestorleik, då det i kommuneplanen er sett eit minstekrav på 650 m² tomtestorleik for einebustader og 1000 m² for tomannsbustader. Det er ikkje sett nokre spesifikke krav for tomtestorleik for større bygningar i kommuneplanen. BF1 er til saman 1,4 dekar og skal ha plass til 2 einebustader og ein tomannsbustad. For einebustad BF2 er tomtestorleik om lag 500 m². Område B skal ha plass til 3 einebustader eller ein annan kombinasjon med 3 bustader og har eit areal på 1,3 dekar. Ved full utbygging av desse områda vil ein få tomtar som er mindre enn krava som er sett i kommuneplanen. Det er lagt ved materiale som viser at det vil vere mogleg å bygge ut alle tomtane med minstekrav for uteopphaldsareal som er 200 m². Administrasjonen meiner at det for mange av tomtane vil vere heilt marginalt at ein klarer dette kravet og stiller også spørsmålsteikn ved om alt arealet som er teke med i utrekninga er eigna som uteopphaldsareal og er meir å rekne som restareal på dei ulike tomtene. Ein har i denne reguleringsplanen også opna for at areal som terrassar og balkongar kan reknast med i uteopphaldsarealet. Dersom ein ikkje stettar krava om uteopphaldsareal som er sett i kommuneplanen, vil ein i byggesakene kunne støte på problem og det vil vere naudsynt å søke om dispensasjon frå kravet om uteopphaldsareal. Ser ein på tilgrensande planar (Nilshøyen og Lars Hopland, del av gbnr 172/6), er alle tomtane med unntak av ein innanfor krava som er sett i kommuneplanen for tomtestorleik. Administrasjonen meiner at krava sett til storleik på tomtar i kommuneplanen både skal bidra til at ein har tilstrekkeleg gode uteopphaldsareal på bustadtomtene i tillegg til at ein skal unngå problematikk knytt til etablering av garasje, parkeringsareal og liknande. Administrasjonen vil difor tilrå at ein reduserer talet på bustader noko i planframlegget slik at ein kjem tettare på kravet som er sett i kommuneplanen. Talet på bustader innanfor planområdet må reduserast, slik at tomtestorleik stettar krava sett i kommuneplanen for eine- og tomannsbustader.

Når det gjeld dei konsentrerte bustadane så er det ikkje sett noko eige krav til tomtestorleik for desse i kommuneplanen. Desse vert truleg også etablert med parkering i underetasje, sjølv om føresegnene ikkje krev dette. Ved parkering i underetasje får ein betre terrengtilpassing av bygga samstundes som ein frigjer areal til uteopphald som elles ville vorte brukt til parkering. Administrasjonen meiner at ein bør ta inn eit krav om parkering i underetasje for BK2, sidan denne tomte er spesielt skrånande og ligg til rette for å etablere med underetasje. På BK1 er ikkje terrenget like skrånande og ein kan vurdere å tillate parkering på overflata, sjølv om dette vil gå ut over uteopphaldsarealet. Det er likevel truleg at ein får tilstrekkeleg uteopphaldsareal på tomte sjølv med overflateparkering.

Tillegg til § 4.3: I BK2 skal det etablerast parkeringsgarasje i underetasje.

For bygningane elles er det sett tydelege krav til mønehøgder og gesimshøgder for ulike bygg. Dette opnar opp for at ein skal kunne bygge ut området med ulike hustypar. Det er også opna opp for etablering av garasje på eigedommane. Det er lagt inn ei moglegheit til å etablere trappeoppbygg/loftsstue med grunnflate på inntil 30 m² for alle bygg innanfor området, noko som vil kunne gje ei relativt høg gesims på bygga og utfordrar til dels kommuneplanen sitt krav på gesimshøgde på maks 6 meter. Administrasjonen kan likevel ikkje sjå at dette er spesielt problematisk og vil kunne gje ein fleksibilitet i utforming av bygga i området.

Vidare er det ikkje sett nokre tal på bueiningar innanfor dei ulike felta i planområdet, og administrasjonen tilrå at det vert fastsett tal på bueiningar innanfor kvart delfelt. Det er noko uklart om det vert opna opp for sekundære bueiningar i føresegnene, sjølv om dette ikkje går fram av planomtalen. I og med at leikeareala er dimensjonert for 15 bueiningar og det er knapt med uteopphaldsareal på tomtene, meiner administrasjonen at talet i alle høve ikkje kan overstige det som ligg inne i planframlegget.

Det må fastsettast maksimalt tal på bueiningar innanfor kvart delfelt. Dette skal inn i føresegnene under dei ulike bustadtypene.

Estetikk og nabotilhøve:

Det er opna opp for ulike bygningstypar innanfor planområdet og det er ikkje sett noko krav til heilskapleg utforming for bustadane. Det er vidare lagt opp til ei noko tettare utnytting enn i

naboplanane, med ulike typer bustader. Administrasjonen meiner det hadde vore ei føremon om utbyggar hadde sett nokre krav til liknande bygg innanfor planområdet for å få eit meir samanhengande uttrykk for området. Administrasjonen vil likevel ikkje tilrå at ein skal bite seg til noko spesiell type bustader i området. Vidare kan ei blanding av bustadtypar i området vere greitt både for uttrykket og også samansetting av bebuargrupper i området.

Når det gjeld nabotilhøve vil ei utbygging føre til endra tilhøve for naboane i området. Ein må likevel forvente at eit område vert utbygd når det er lagt av til bustad i kommuneplanen. Det er kome inn innspel til planarbeidet at ein ynskjer at trær på eigedomen vert teke vare på i utbygginga av estetiske årsaker. Det er omtalt i planframlegget at det er mogleg å ta vare på trær dersom det aktuelle området skal nyttast til uteopphaldsareal. Administrasjonen meiner at det vil vere eit godt grep å ta vare på store trær og stadeigen vegetasjon innanfor planområdet om dette lar seg gjere, men meiner at dette må takast stilling til av utbyggar i samråd med naboar i utbyggingsfasa med mindre det er spesielt gode kvalitetar som bør takast i vare.

Trafikk og parkeringstillhøve:

Det er lagt opp til etablering av køyreveg på 3,5 meter, fortau og anna vegareal innanfor planområdet. Administrasjonen meiner at vegstandard som er valt er tilstrekkeleg for køyreveg. Det er noko høg stigning på vegen til B, BK2 og BF2, men det vart i undervegs møte drøfta ulike vegframføringer til området og ein kom fram til at den valgte løysinga er ei føremålstenleg løysing.

Vidare er det positivt at fortau med lik breidde som det som er etablert er planlagt vidareført forbi dei nye byggeområda og at det er sett av areal som kan nyttast til fortau vidare gjennom eksisterande bustadområde i reguleringsplanen. Administrasjonen meiner likevel at det må sikrast areal til fortau vidare, og at dette vert vist som føremål fortau i staden for anna veggrunn. Fortau F1 skal vidareførast forbi BF4. Ny del må få eige nummer og skal ikkje gå inn i rekkefølgekrav for opparbeiding.

Vidare er det positivt at det er teke inn fortau inn til områda B, BK2 og BF2, då dette sikrar trygg ferdsle ned bakken frå det øvre byggeområdet og mellom leikeplassane i området.

Når det gjeld parkering så vil det som nemnt over vere ei føremon å få parkering i underetasjen for bustadane i BK1 og BK2. Elles så stettar parkeringskrava kommuneplanen sine krav til parkering, bortsett frå at det ikkje er teke inn krav om parkering for rørslehemma for firemannsbustadane. Dette må inn i føresegnene.

Tillegg til § 4.3: Minimum 10 % av parkeringsplassane skal utformast for rørslehemma.

For dei konsentrerte bustadane vil administrasjonen tilrå at det vert teke inn ei føresegn som sikrar at det vert lagt til rette for lading av køyrety i parkeringsgarasje og på felles parkeringsplass. Dette kan gjerast i form av eigne ladepunkt knytt til parkeringsplassar eller ved eksempelvis legging av trekkerøyr som kan nyttast til etablering av ladepunkt.

Tillegg til § 4.3: Det skal leggjast til rette for lading av køyrety på parkeringsareal slik at kvar buening har moglegheit til å etablere ladepunkt.

Det har kome inn innspel frå barnehagen i området om at det bør etablerast trafikksikring i form av fartdumpar lags tilkomstvegen frå fylkesvegen inn til planområdet, då det ved etablering av nye bustader vil kome meir trafikk gjennom området. Administrasjonen har førebels ikkje vurdert det til å vere naudsynt med ytterlegare trafikksikring for vegen, men vil vurdere dette på ny etter at planen har vore på offentleg ettersyn.

Leike- og uteopphaldsområde:

Som omtalt over er det sett av tilstrekkeleg med leikeareal for den planlagde utbygginga.

Tilkomst til leikeareala vil ha stigning på 1:20 som stettar krava til universell utforming.

Leikeareala skal opparbeidast til bruk av ulike aldersgrupper og brukarar. Krav til leikeområde i kommuneplanen er at områda i stor grad skal vere universelt utforma. Leikeplass f_L1 kan verte universelt utforma og delar av f_L2 skal sikrast universell utforming i høve føresegnene.

Administrasjonen vil tilrå at det vert lagt inn krav om at f_L1 vert universelt utforma då det vil ligge til rette for dette. F_L2 vil ha andre kvalitetar og administrasjonen ser det ikkje som naudsynt at denne vert utforma universelt utover det som er sett i føresegnene.

Tillegg til § 4.5: f_L1 skal opparbeidast med universell utforming.

Det er vidare omtalt i føresegnene at sikring av leikeområda i samband med trafikk, murar, skjæringar og skråningar kviler på utbygger/tomteeigar etter plan- og bygningslova.

Administrasjonen meiner dette må spissast i føresegnene slik at det ligg tydeleg krav om sikring av leikeplassane med gjerde mot veg/gangveg og eventuelle murar og skjeringar.

Tillegg til § 4.5: Leikeområda skal ved etablering sikrast med gjerde mot fylkesvegen, gangveg og trafikkareal, murar og skjæring.

Når det gjeld uteopphaldsareal er dette omtalt over, der det går fram at administrasjonen set spørsmålsteikn ved om det er mogleg å opparbeide tilstrekkeleg uteopphaldsareal i høve kommuneplanen på alle tomtane.

Renovasjon og kommunaltekniske anlegg:

Det er lagt opp til henteplass for renovasjon ved avkøyrsla til BF1, der avkøyrsla er dimensjonert for at renovasjonsbil skal kunne snu. Arealet som er sett av skal vere tilstrekkeleg for området, og det er positivt at det er lagt til rette for at det skal kunne etablerast skjermvegg til bossdunkane.

Det er ikkje omtalt noko i planmaterialet om korleis vatn og avlaup er tenkt løyst for området, utover at det er omtalt eksisterande tilhøve i området. Administrasjonen meiner at det må omtalast korleis vatn og avlaup er tenkt løyst i planskildringa før planen vert lagt ut på høyring.

Dette inkluderer også eksisterande leidningar i området. Det er ikkje naudsynt med full VA-rammeplan for området, dette kan utførast til byggesaka.

Tenkt løysing for vatn og avlaup til nye og eksisterande bustader må omtalast i planskildringa kapittel 6.10.

Det bør vidare takast med i føresegnene at tiltak etter planen ikkje skal føre til endring i vassstilhøva nedstraums for tiltaket og at det skal sikrast tilstrekkeleg handtering av overvatn innanfor planområdet.

Ny § 3.5: Det må sikrast tilstrekkeleg handtering av overvatn innanfor planområdet. Nye tiltak som som følgje av planen skal ikkje føre til endra tilhøve nedstraums for tiltaket.

ROS-analyse, naturmangfald og folkehelse:

Lindås kommune sine akseptkriterier er lagt til grunn for ROS-analyse til planframlegget. ROS-analyse viser ikkje spesielle område det vil vere behov for spesielle tiltak. Administrasjonen meiner at ROS-analyse kunne vore meir utfyllande og vist i tabellform i tillegg til dei utgreiingane som er gjort der det er påvist ein risiko. Når det gjeld naturmangfald er dette utgreidd og ikkje identifisert noko spesielle verdiar i området. Dette samsvarar med administrasjonen si vurdering. Tema folkehelse er ikkje omtala spesielt i planskildringa, men planframlegget vil legge til rette for bruk av gange og sykkel til skule og aktivitetar i nærområdet og det er lagt til rette tilstrekkeleg med leikeareal innanfor planområdet. Generelt sett ser ikkje administrasjonen at utbygginga vil få nokre spesielle negative verknader knytt til folkehelse.

Terrenghandsaming:

Planskildringa omtalar at det kan leggjast til rette med underetasje på tomter som har skrånande terreng. Det er eit mål i kommuneplanen at byggverk skal terrengtilpassast i størst mogleg grad, difor ynskjer administrasjonen å få inn eit eige punkt knytt til terrenghandsaming i føresegnene, som sikrar at det på skrånande tomter vert etablert bustader som tar opp terrenget på tomta.

Framlegg til føresegn er at det på tomter som er brattare enn 1:3 skal veljast ein hustype som tar opp nivåforskjellar i terrenget. På denne måten kan ein unngå unødige terrengingrep som følgje av utbygging.

I opphavleg terreng som er brattare enn 1:3, skal det veljast ein hustype som tar opp nivåforskjellar i terrenget.

I høve etablering av vegar og fortau i området er det opna opp for høgare skjæringar enn det som er opna opp for i høve terrenghandsaming. Det er viktig at desse vert sikra på ein tilfredsstillande måte med gjerde om naudsynt. Administrasjonen vil tilrå at det vert teke inn ei

*presisering av dette tilhøvet under § 5.1.
Tillegg til § 5.1: Eventuelle skjeringar og murar over 2 meter skal sikrast med gjerde og naudsynt rassikring skal utførast.*

Planteknisk:

Plankartet må vise eventuelle grenser som skal opphevast som følgje av planframlegget. I føresegnene sin § 3.1 må det spesiferast at tiltak som kan etablerast utanfor byggegrensar ikkje skal kome i konflikt med frisiktsoner.

Tillegg til § 3.1: Tiltak som vert etablert utanfor byggegrensar skal ikkje kome i konflikt med frisiktsonar.

Oppsummering:

Administrasjonen har gått gjennom planframlegget og har nokre presiseringar og framlegg til mindre justeringar av planframlegget. Planframlegget legg til rette for gode løysingar for trafikk og leikeareal og legg opp til ein variert bustadstruktur innanfor planområdet, men utfordrer kommuneplanen sine krav knytt til storleik på bustadtomter. Dette fører til at det er marginalt med uteopphaldsareal på tomtene etter administrasjonen si vurdering og administrasjonen vil tilrå at ein finn ei løysing der ein stettar betre kommuneplanen sine krav knytt til tomtestorleik. Vidare er det gjort nokre spissingar på nokre område for å sikre intensjonane i kommuneplanen knytt til ulike område som universell utforming, parkering for rørslehemma, sikring av leikeområde og murar og skjeringar og terrenghandsaming. Administrasjonen meiner at planframlegget med dei skisserte endringane kan leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn.

.....